

## MØTEREFERAT

Tema: Regionkommune Sunnmøre – 2. forhandlingsmøte  
Dato/Sted Raddison Blu, 19. februar 2016 kl 10:00 til 15:00

Møteleder: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS  
Referent: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS  
Fremmøtte: Britt Giske Andersen, Varaordfører, Giske kommune  
Harry Valderhaug, Ordførar, Giske kommune  
Marit Elisabeth Larsen, Rådmann, Giske kommune  
Ewa Hildre, Formannskapsmedlem, Haram kommune  
Siv Katrin Ulla, Formannskapsmedlem, Haram kommune  
Turid Hanken, Rådmann, Haram kommune  
Vebjørn Krogsæter, Ordførar, Haram kommune  
Anders Riise, Ordførar, Hareid kommune  
Bent Arild Grytten, Rådmann, Hareid kommune  
Egil Mortensen, Økonomileiar, Hareid kommune  
Ranja Dimmen Alme, , Hareid kommune  
Truls Håbakk, , Hareid kommune  
Ann-Heidi Orvik, Rådmann, Sandøy kommune  
Nils Magne Abelseth, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune  
Odd Arve Orten, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune  
Oddvar Myklebust, Ordførar, Sandøy kommune  
Åse Kristin Ask Bakke, Varaordførar, Sandøy kommune  
Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune  
Dag Olav Tennfjord, Ordførar/Nestleiar, Skodje kommune  
Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune  
Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune  
Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune  
Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune  
Kjersti Ruset Hjelle, Varaordførar, Stordal kommune  
Kjetil Fylling, Kommunalsjef, Sula kommune  
Jim-Arve Røssevoll, Ordførar, Sula kommune  
Vibeke Bjørkavåg, Formannskapsmedlem, Sula kommune  
Åge Remvik, Formannskapssekretær, Sula kommune  
Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd  
Ingvild Liadal, Kommunikasjonsrådgjevar, Sunnmøre Regionråd  
Anne-Karin Watters, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune  
May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune  
Odd Jostein Drotninghaug, Ordførar, Sykkylven kommune  
Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune  
Geir Peter Aure, Varaordførar, Ørskog kommune  
Karen Simonnes Aanes, Ordførar/leiar, Ørskog kommune  
Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune  
Astrid Eidsvik, Rådmann, Ålesund kommune  
Eva Vinje Aurdal, Ordførar/Leiar, Ålesund kommune

Tore Hals, Kommunereformkontakt, Ålesund kommune  
Tore Johan Øvstebø, Varaordførar, Ålesund kommune  
Øystein Tvedt, Gruppeleiar H, Ålesund kommune  
**Forfall:** Svein Harsjøen, Formannskapsmedlem, Haram kommune  
Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune  
Eva Hove, Ordførar, Stordal kommune  
Hallstein Skår, Formannskapsmedlem, Sula kommune  
Magne Anton Sunde, , Sula kommune  
Svein Værnes, Varaordførar, Sula kommune  
Njell Hoftun, Planleggjar, Sykkylven kommune  
Roar Dyb-Sandnes, Formannskapsmedlem, Giske kommune  
**Vedlegg:** NOTAT lokaldemokrati 180216

## **Dagsorden**

Forhandlingsgruppa lista opp fleire forslag til dagsorden, og fire av desse vart utvalde til gjenstand for forhandlingar i dette møtet. Desse er:

1. Presentasjon av intensjonsavtalen v/skrivegruppa
2. Presentasjon av mandat til kommunedelsutvala v/leiar i ad hoc gruppa
3. Økonomi
4. Planlegging
  - a. Lokalsamfunnsutvikling
  - b. Infrastruktur
5. Basistjeneste
6. Sentrumsstruktur og tettstadsutvikling
7. Presentasjon av informasjonsarbeid v/Ingvild Liadal, Sunnmøre Regionråd.
8. Eventuelt

Dei øvrige punkta vil ein kome tilbake til i seinare møter. Lista er truleg ikkje utfyllande for den samla prosessen til slutt.

- Administrasjonsspråk
- Administrasjonsstad/Sentraladministrasjon
- Fagadministrasjon
- Fordeling av kommunal stillingar geografisk
- Næringsutvikling
- Digitalisering
- Beredskap

## **Omføreinte punkt, som skal oversendast skrivegruppa**

### **Evt. korrigering av utkast til intensjonsavtale**

Ingen

### **Innstilling frå ad hoc gruppa på delegasjon til kommunedelsutval**

#### Omføreint løysing:

Forutsetningar:

1. Folkevalgt organ med direktevalg
2. Ikkje eigen kommunedelsadministrasjon
3. Eige politisk sekretariat som kan betjene alle kommunedelsutvala
4. Skal ha grenser etter dagens etablerte kommungrenser

#### Omføreint løysing:

Mandat som innstilt frå ad hoc gruppa med unntak av avsnitt 3 side 3.

#### Omføreint løysing:

Antall faste deltagarar i det nye kommunestyret:

- 77 faste representantar i kommunestyret, men dette kan justerast ned etter ein ideel faktor for heilskapen i prosjektet dersom nokre kommunar går ut av prosjektet seinare.

#### Omføreint løysing:

Antall faste deltagarar i kommunedelsutvala :

- Maksimalt 15 med det bør vere ein faktor mot innbyggargrunnlaget.

Valgordning tilsvarande som for fylkestingsvalg i dag.

## **Økonomi**

#### Omføreint løysing:

Prinsippet er «All in»

Ein skal legge til rette for heilskapleg planlegging på økonomiplan som tek hensyn til dei gjeldande planane til kommunene, og som jobbar fram mot ei felles kommune frå 2020. Alt frå hausten 2016 skal ein starte å tilnærme seg ein felles økonomiplanprosess med blikk for å bygge ei felles kommune.

Dersom det i sum er ein urimelig ubalanse mellom dei gamle kommunane kan det etter samanslåing bli utarbeidd ein modell for utjamning.

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeida i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sine budsjett- og økonomiplanar. Det er ein føresetnad at prosjekta er nøkterne og fullfinansierte i balansert budsjett eller økonomiplan.

Gevinstane som ein får realisert gjennom stordriftsfordelar i den nye kommunen skal gå til å styrke arbeidet overfor dei svake i samfunnet.

Det er naturleg at dette er eit ansvar som ligg til fellesnemnda å koordinere.

Note: At skrivegruppa skal utdjupe med ekstra informasjon som er relevant til økonomikapittelet.  
Mandatet vart gitt munnleg i møtet.

## **Planlegging**

1. Lokalsamfunnsutvikling
2. Infrastruktur

Fellesnemnda skal så tidleg som mulig starte opp arbeidet med ein felles planstrategi, med mål om å harmonisere dette arbeidet.

Sunnmøre kommune skal ha ein klar strategi for å utvikle alle geografiske områder i den nye kommunen.

Bestilling til forhandlingsgruppene. Tre til fire punkt som er høgast prioritert på infrastruktur.  
Vi startar neste møte med dette punktet.

## **Basistjeneste**

## **Sentrumsstruktur og tettstadsutvikling**

**Presentasjon av informasjonsarbeid v/Ingvild Liadal, Sunnmøre Regionråd.**

## **Eventuelt**

## **Etablering av ad hoc grupper**

Møtet slutt 15:00